



POSTENS PENSJONISTFORBUND

Postpensjonistane i Sunnhordland

Org.nr. 998 328 322

INNKALLING TIL ÅRSMØTE FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Styret har vedteke at Årsmøtet 2025 vert halde den 26.02.2025.

Stad: **SOLIDHUSET, Åsamyrvegen 45 ved Nysæter idrettsplass.**

Kjør til Sagvåg, vidare mot Fitjar. Etter rundkjøringa tar de fyrste avkjørsle til høgre, skilta med Nysæter kirke. Fylg vegen forbi skulen. Du får snart sjå fotballbanen til venstre. Kjør vidare rundt svingen og du får parkering og Solidhuset på venstre side.

Tid: **Kl. 14.30 onsdag 26. februar 2025**

Program:

1. Velkomen
2. Matøkt med betasuppe, kaffi og kringle
3. Foredragsholder frå Statens vegvesen med tema: BILFØRER 65+
4. Opning av Årsmøtet
5. Val av dirigent, skrivar og 2 stk. til å skriva under protokollen
6. Godkjenning av innkallinga
7. Godkjenning av saklista
8. Årsmelding, rekneskap
9. Innkomne saker/forslag
10. Val
11. Avslutning

Vi ber om at saker som ein ynskjer me skal ta opp på Årsmøtet vert sendt til undertekte innan 12 . februar 2025.

PÅMELDING På grunn av servering må me ha påmelding innan 17. februar. Meld dykk på til Tone Nygård tlf. 90016313, bruk gjerne SMS.

STYRET YNSKJER ALLE MEDLEMER VELKOMNE TIL ÅRSMØTET!

Me håpar å møta mange av dykk der. Me skal ha god tid til matøkt og drøs. BILFØRER 65+ kan og bli eit nyttig foredrag for oss over 65, og dei som snart kjem dit.

Helsing Styret v/ Tone Nygård